



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
12.02.2013  
Dykkar dato  
02.10.2012

Vår referanse  
2012/12461 542.1  
Dykkar referanse  
10/2021

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Løyve til arealendring og auka utslepp frå Eide Fjordbruk AS – Fyllingsnes Fisk AS på lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune

---

**Eide Fjordbruk AS – Fyllingsnes Fisk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 3.120 tonn MTB matfisk av laks og aure på Ospeneset i Lindås. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Fylkesmannen ønskjer at det blir laga ein overordna plan for havbruksnæringa i Austfjorden og Fensfjorden og at det blir iverksett eit eige overvåkingsprogram for anadrom fisk i fjordsystemet.**

---

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS - Fyllingsnes Fisk AS av 24. august 2012 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 2. oktober 2012, med ettersending av kommunalt vedtak av 1. februar 2013. Kommunen hadde merknad til søknaden grunngjeven med omsyn til villfisken i området.

Verksemda søker om løyve til utviding av anlegg og utviding av produksjonen frå 1.560 tonn til 3.120 tonn.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

### *Vurdering*

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

### *Tilhøvet til plan*

Lokaliteten ligg innafør areal sett av til akvakultur i kommuneplanen.

### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Fylkesmannen ser med uro på at det no skjer ein stor oppbygging av biomassen av laks og aure i Austfjorden. Dette området har hatt gode bestandar av sjøaure. Auke i biomasse vil føre til oppbygging av lusebestanden i fjorden (j.f. Havforskningsinstituttet si risikovurdering av norsk fiskeoppdrett) og auka påslag av lakselus på villfisk. For å unngå å repetere den situasjonen vi har i Hardangerfjorden vil det vere naudsynt med tett oppfølging av villfiskpopulasjonane i området.

### *Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12*

Kunnskapsgrunnlaget om resipienten er godt og er tufta på straummålingar og MOM B-undersøkingar. Kunnskapen om samanhengen mellom mengd lakselus på villfisk og mengd oppdrettsfisk i området er og god. Oppbygging av biomassen i Austfjorden vil ha negative konsekvensar for villfisk i området.

Fåra for irreversibel skade blir vurdert som liten. For å unngå vesentleg skade på villfisk ser vi det som viktig å overvake sjøaurebestandane i området.

Den samla belastninga på resipienten (bæreevne for organisk belastning) blir følgt opp med MOM C undersøkingar. Påverknaden på villfisk i området må og vurderst.

Oppdrettarane i Austfjorden må vere budde på å dele på kostnader i samband med overvaking av sjøaurebestandane og iverksetjing av eventuelle tiltak for å bøte på skader.

Eide Fjordbruk AS har eit særskilt ansvar for å nytte seg av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å i størst mogleg grad minimalisere negativ påverknad på miljøet og for å sikre levelege vilkår for sjøauren i området.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

### **Vurdering av sjøområde som resipient**

Lokaliteten ligg i Austfjorden som er ei forlenging av Fensfjorden. Største djup i fjorden er vel 500 m medan grunnaste parti ved utløpet mot havet i vest er om lag 400 m.

Lokaliteten er straumsterk, målingane kan karakteriserast som sterk og svært sterk straum i vassutskiftingslaget og botnstraumen med straumstyrket frå 6,6 cm/sek på 15 m djup til 3,1 cm/sek på 100 m djup. Straumretninga er stabil med hovudstraumen mot sør-søraust. MOM B undersøkinga ga tilstandsklasse 1.

Lokaliteten er knytt til ein stor resipient med god vassutskifting. Straumtilhøva tilseier at lokaliteten vil tole ei auka produksjon når den auka biomassen blir plassert i forlenginga av anlegget. Ut frå dei resultata som blir presenterte i søknaden og innsendte rapportar, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å gi løyve til ein biomasse på 3.120 tonn på lokaliteten.

Lokaliteten ligg inne i eit fjordsystem. Fjordlokalitetar synes å vere mest kjenslege for organisk belastning og ha mindre bæreevne samanlikna med lokalitetane ute på kysten. Lokaliteten er tildelt ein høg maksimal tillaten biomasse (MTB) og anlegget er forventa å gi vesentleg organisk belastning på lokaliteten. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemda utfører resipientundersøking med MOM C etter 2 år i drift. Dette skal gjerast for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

### **Risikoklasse**

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventa ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemda skal betale 19.900 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Klima- og forureiningsdirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Klima- og forureiningsdirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Klima- og forureiningsdirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

## **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet fritenk ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningskade, jf. § 10 og kapittel 8 i forureiningslova.

## **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonssjef

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

Vedlegg:                      Utsleppsløyvet (vedlegg 1)  
   Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Eide Fjordbruk AS		5640	EIKELANDSØSEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL